

Nr. 2-2018, årgang 53.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Øvst: frå utdeling av 4-årsboka i haust. Nedst: frå konfirmasjonsleir på Gjennestad.

Side 7: Les om trusopplæringsarbeidet i kyrkja.



Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
Nettadresse: www.kviteseid.sokn.no



Kristen Salmelid
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Møyfrid Lunde
Sokneprest
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 46 90 72 31
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Håkon Heggveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Birgitte Nødland Danielsen
Kyrkjelydssekretær og
trusopplærer
Kontor tlf: 35 06 81 28
sekretaer@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde
Framsidedfoto:
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Gåver til kyrkjebladet:

Bankkonto 2660 10 30615.
Vipps 88073.

Andre gåver:

Bankkonto 2660 45 14648.
Vipps 87960 til Sundagens takkeoffer.
Vipps 87961 til Kyrkjelydsarbeidet.
Vipps 87955 til Misjonsprosjektet.

Å gje vidare det beste

Av sokneprest Møyfrid Lunde

Det er mange gode tradisjonar me kan ta vare på. Flinker handverkarar har lært av tidlegare meistrarar. Folkemusikarar held liv i melodiar, songar og forteljingar om dei som har spela og låte før oss. Det er òg ulike tradisjonar til dei ulike årstidene. Sommar er høgsesong for å gifte seg her i bygdene. Og når eit par skal danna ein heim og veksa saman, er det gjerne ulike familietradisjonar som skal sameinast.

I dette bladet gjer me ein oversikt over tilbodet om trusopp-læringa her i soknet. Det skal vere ein hjelp til å gje vidare det beste til borna som vekst opp her. I dåpsritualet seier me at barnet i dåpen blir sameina med Jesus Kristus. Barnet skal altså få veksa saman med Jesus, i tru og tillit, heilt frå dei er små.

Eg unner alle barn å vekse opp i trua på at me kan be til ein Gud som har skapt oss, kjenner oss og elsker oss utan krav. Eg unner dei å bli kjent med forteljingane om Jesus som har vist oss korleis Gud er. Eg unner dei å få høyre til i gode fellesskap med andre born og trygglese leiarar.

Mange familiar har tradisjonar knytt til helg og høgtid. Det kan vere pynting, songar, mat eller

andre ting ein samlast om. Mange er likevel usikre på korleis dei elles skal formidla tru og kristne tradisjonar. Eg vil oppmuntra alle til å tenkje tilbake til sin eigen barndom og hente fram det beste ein kan gje vidare til barn og barnebarn. Noko var kanskje ikkje bra, det kan me leggje bort. Andre ting har kanskje gjort godt, det kan me gje vidare. Kanskje vil du oppdaga som meg, at når me deler tru med barn og unge, så kan me få noko igjen sjølv òg. Sånn er det for mange av dei frivillige leiarane i barne- og ungdomsarbeidet.

Jesus sa: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.» (Mark 10,14b) Og Paulus skreiv: «De er alle Guds born ved trua, i Kristus Jesus. For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus.» (Gal 3,26-27)

Som vaksne er me ikkje ferdig utvaksne og utlærte i Guds rike. Me kan halda fram og veksa saman med Jesus Kristus. For i Guds rike får me alltid vere barn. Det er det beste.



Hadle og Ragnhild Hovda kan sjå tilbake på eit rikt liv

Av Olav Mosdøl

Hadle Hovda, f. 1934 på Talgje i Finnøy kommune, og kona Ragnhild (f.1937) kom til Kviteseid i 1976. Dei har vore ute som lærar-misjonærar i Etiopia for NLM i to periodar frå 1962 til 1974. Borna: Ingvild, Joar, Møyfrid og Ingar, fekk sine sentrale oppvekstår på Kvitsund. Hadle og Ragnhild kjøpte seg hus i Kviteseid i 1988 og har blitt buande i bygda over 40 år. Dei har vore sentrale personar på gymnas, i kyrkje og bygdeliv. Den som

går inn i livshistoria deira, får ein interessant dialog i møte med kunnskapsrike personar som involverer seg i andre sine sorger og gleder.

Korleis begynte det heile

Hadle Hovda er ein god forteljar som fører oss tilbake til trygge barneår: - Eg minnest med glede oppveksttida i vest. Den vesle Talgje-øya, som har godt lokalklima og ein frodig vegetasjon, ligg vakkert til ut mot havet. Her var far min lærar. Eg gjekk på folkeskulen

og framhaldsskulen før eg drog til det kjende landsgymnaset på Bryne 1949-53. Det vart fire inspirerende år blant mange aktive ungdomar, som ville mykje med utdanning og yrkesliv. For meg gjekk vegen vidare til universitetet i Oslo og realfagsstudiar i åra 1954-58. Fagområda mine vart: matematikk, kjemi, biologi og fysikk. I 1958-59 fekk eg eit tilbod om lærarstilling i realfag på landsgymnaset. Då var eg ikkje i tvil om at fysikk var faget mitt. Difor drog eg tilbake til studiet i fysikk ved UiO. Der vart eg tilsett som vit. ass. i full stilling, mens eg jobba med hovudoppgåva mi. Eg vart ferdig våren 1962.

– *Når kom Ragnhild inn i livet ditt?*

– Eg opplevde mykje glede i studentmiljø og kristeleg lagsarbeid. M.a. fekk eg høve til å imitere gode 'siddis-historiar' og lese «Ajax». Der dukka også Sylvia Ragnhild Løvås opp i 1959, og me vart vener. Ho kom frå Hauge i Dalane; ein plass med sine gamle, særmerkte trehusbygningar frå 1700- og 1800-talet. Me vart tru-
lova i 1962, og same hausten drog eg ut som lærar og rektor til Misjonssambandets kombinerte high school og lærarcollege i Etiopia. Våren 1963 fullførte Ragnhild sin cand.mag.-eksamen ved universitetet i Oslo med fagkrinsen: engelsk, tysk og norsk. Så gjekk

turen hennar til Etiopia, og me gifta oss der.

Etiopia og Kvitsund

Hadle fortel vidare at Etiopia vart arbeidsplassen deira i to periodar: 1962-67 og 1969-74. Skulen heitte Ethiopian Evangelical College, og både han og Ragnhild var knytt til undervisning og misjonsarbeid i Debre Zeit.

– Når eg tenkjer tilbake, var desse åra fylte av mange strevsame, men spennande oppgåver, understrekar Hadle. – Me følte at me hadde lite tid til førebuing, for me arbeidde med store klassar, og undervisninga gjekk heile tida på engelsk. Ungdomane kom frå heile Etiopia, men dei fleste kom frå område i sør og vest. Mitt daglege virke var knytt til planlegging, undervisning og administrasjon. Ragnhilds område galdt barna våre, lærar- og konfirmasjonsarbeid.

– Ei spesiell oppleving var det å få besøk av keisar Haile Selassie i 1972. Det skjedde i samband med utbygginga av skulen: spesialrom, bibliotek, laboratorium og ny kyrkje. Særpreget for miljøet var at elevane var ivrige og arbeidsame ungdomar. Det var viktig for dei å få gode resultat og stå til eksamen. Skulen vår i Debre Zeit arbeidde seg opp til å bli blant dei beste i landet.

Hadle Hovda kom til Kvitsund våren 1976. Og utpå sommaren kom familien flyttande etter med Ingar som minstemann (f. 1975). Dei fekk heimen sin i den nye rektorbustaden bak Gamlebygget og treivst bra. Utbygginga av Kvitsund Gymnas som vidaregåande skule omfatta mange område. Det galdt bygningar og økonomi, undervisning og personalpolitikk, åndeleg struktur og elevmiljø.

Kravet til Hadle og Ragnhild som rektorpar synte seg på mange plan. Dei fekk god nytte av all si røynsle frå åra i Etiopia. Ragnhild kom òg til å engasjere seg sterkt i arbeidet for funksjonshemma barn i kommunen. Kvitsund var ein travel arbeidsplass. Difor følte Hadle behov for eit pusterom, og han jobba difor som lektor på Hornnes vidaregåande skule i Setesdal i fire år.

Pensjonistår og bygdeliv

Hadle og Ragnhild Hovda hadde kjøpt seg hus i Kviteseid i 1988, og dei flytta inn i Oppebøenvegen fire år seinare. Sjølv om dei hadde undervisning på Kvitsund fram til pensjonsåra, betydde det ein viktig og nærare kontakt med bygda og folket.


Hadle seier det slik: - Den nye situasjonen førte til engasjement



Keisar Haile Selaissie og Hadle Hovda på Debre Zeit 1972.

på fleire område. Det galdt deltaking i politisk arbeid, soknerådsoppgåver og ymse komitear, kontakt med Lundenjordet og arbeidssamvirke, der Ingar har hatt sin faste plass. Me har trivest bra som ein del av kviteseidfolket. Vår sluttcommentar må vere:

- Når Ragnhild og eg ser tilbake, må me seie at me har hatt eit rikt liv og eit triveleg yrke. Me har fått møte mange flotte ungdomar og mange gode menneske og fått oppleve verdien av ei kristentru. Me kan seie at me ville valt om igjen yrke og livssyn. Og det er eit mysterium slik det står skrive i 2 Tim 3,16f: *Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd, så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning.*



Trusopplæringa i Kviteseid sokn

Birgitte Nødland Danielsen har no jobba snart eit år med trusopplæring i soknet.

Kva vil du seie er målet med dette arbeidet?

-Soknerådet vil med dette leggje til rette for god og heilskapleg trusopplæring, som famnar alle born og unge frå 0-18 år i soknet. Jesus har lært oss at borna har ein viktig plass i Guds rike. Derfor vil vi at alle skal få bli kjent med Jesus frå dei er små, oppleve seg skapt, elska og haldt oppe av Guds kjærleik.

Trusopplæringa skal vere ein hjelp for foreldre/føresette og fadrar til å gje plass for kristen tru og livstolkning i kvardag og høgtid. Eg, som sjølv har to små barn, er veldig

takknemlig for at barna mine kan vere med på ulike tiltak og lære nye ting om Gud og om seg sjølve. Og så er det fint at dei får med seg materiell heim, som vi kan bruke i trusopplæring og samtale vidare heime.

Kva for tiltak eller tilbod finst?

-Vi har ei blanding av tilbod som er avgrensa til ein eller to dagar for ei bestemt aldersgruppe, og faste grupper som møtest gjennom året. Vi er heldige som har så mange frivillige medarbeidarar. Utan dei hadde det ikkje vore mogleg å ha så mange tilbod til barn og unge i soknet. På midtsida finn du oversikt over tilboda for dei ulike aldersgruppene. Napp gjerne ut og ta vare på for hausten.

Småbarnstreff med babysong (0-3 år)

er eit tilbod for born i fylgje med foreldre/ besteforeldre. I songstunda syng me og brukar ulike regler saman med borna. Det serverast enkel lunsj, kaffe og te.

Tid: Kvar torsdag kl 10.00-12.00

Sangstund kl 10.30. Lunsj kl 11.00

Stad: Misjonshuset i Kviteseid



Utdeling av dåpsgåver (1-3 år etter dåp)

På ei gudsteneste på våren inviterer vi dei som blei døypte for 1, 2 og 3 år sidan.

Borna får utdelt gåver som kan brukast i heimen.

1-åringar får cd-en «Nå lukker seg mitt øye»

2-åringar får «Bibelboka mi»

3-åringar får cd-en «Hvem har skapt alle blomstene?»



Sundagsskule (2-10 år)

Me tenner ljøs, syng saman, høyrer forteljningar frå Bibelen og gjer ulike aktivitetar.

Tid: ca ein søndag i månaden under gudstenesta kl. 11.

Stad: Barnas kapell i Kviteseid kyrkje.

Utdeling av 4-års bok

På hausten inviterer me dei som fyller 4 år til ei gudsteneste, der dei får utdelt 4års-boka og ei aktivitetsbok. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylgje med vaksen. Me gjer oss kjent i kyrkja, syng, leikar og har aktivitetar.

Adventstreff for 5-åringar

Før advent inviterer me alle som fyller 5 år til ei gudsteneste. Der får dei utdelt ein adventskalender. Før gudstenesta har me ei samling for borna i fylgje med vaksen. Me viser korleis ein kan bruke adventskalenderen i heimen, med forteljning song og leik.

Barnegospel (5-8 år)

Me øver på Misjonshuset i Kviteseid, annankvar torsdag kl 17-18. Av og til opptrer me på gudstenerer eller andre arrangement. Velkomen til songglede, andakt, leik og litt å bite i.

Idrettsgruppe (1.-3.klasse)

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar! I pausen har me andakt og et kake. Annankvar tysdag frå 17.30-19.00 i gymsalen på Kvitsund Gymnas.

Kontingent kr.50 for kvart skuleår



Tårnagenthelg (3.-4. klasse)

Tårnagenthelg vert arrangert ein laurdag ettermiddag og søndag føremiddag mellom jul og påske annakvart år. Borna får agentbevis, løyser oppdrag og

mysterium gjennom bibelforteljing, utforsking av kyrkjebygg og kyrkjetårn.

Unge Røyster (4.-7. klasse)

Er du glad i å syngje, vere sosial, tulle og tøyse, leike, finne på ting saman? Ja, då er dette rette aktiviteten for DEG. Me øver på misjonshuset på måndagar frå kl 17-18.

Idrettsgruppe (4.-7. klasse)

Bli med å ha det moro med ulike idrettar og leikar i gymsalen på Kvitsund! I pausen har me andakt og et kake. Samlingane er annankvar tysdag frå 17.30-19.00. Kontingent kr.50

Lys Vaken (5.-6. klasse)

Annankvar år inviterer me til eit overnattingsopplegg i kyrkja den første adventshelga. Neste gong er i 2019.

Yngres i Vrådal (5.-10.klasse)

Annankvar tysdag i vinterhalvåret er det yngreskveld på bedehuset i Vrådal. Her er det andakt, tid til ulike aktivitetar og spel og god mat.



Kviteseid Soul Children (7.-10. klasse)

Velkomen til ein verkstad for song, dans og musikk. Øvingar annankvar tysdag kl 18-19.30 i musikkrommet i Kviteseidhallen.

Skulelagsmiddag (7.-10. klasse)

Me lagar og et middag saman. Andakt og leik. Me møtest på skulekjøkkenet på

ungdomsskulen ca ein tysdag i mnd etter skuletid.



Idrettsgruppe (8.-10. klasse)

Idrettsgruppa er for deg som likar ballspel og leik. Me samlast annankvar torsdag i gymsalen på Kvitsund gymnas, frå kl 18-19.30. Idrettsgruppa er frå etter haustferien fram til påske. Me spring, leiker, spelar ball og har det moro saman. Midt i økta har me andakt og et noko godt saman.

Konfirmantundervisning og konfirmasjon

Konfirmantåret startar med leir på Gjennestad i juni. Haust og vår er det samlingar annankvar torsdagar etter skuletid. Det er konftreff i Seljord og fasteaksjon før påske. Pilegrimsvandring og samtalegudsteneste i mai. Konfirmasjon i mai/juni.

Frivillige

Me treng fleire frivillige leiarar, så ta gjerne kontakt om du kan tenke deg å vere med i ei av gruppene. Eller bli med og be for arbeidet.

For fleire opplysningar:
www.kviteseid.sokn.no



Ønsket og Elsket er eit felles ungdomsarbeid i Den norske kyrkja i Øvre Telemark prosti.

Kva gjer vi?

Vi arrangerer felles tiltak for konfirmantane i prostiet og vi driv eit leiarprogram for ungdomsleiarar frå etter konfirmasjonsalder og oppover.

I slutten av april arrangerer vi Konf. Kick-off for alle 8. klassingar i prostiet, på Dyrskuplassen i Seljord. Om sommaren er det konfirmasjonsleiarar på Gjennestad vgs. i Stokke, der konfirmantane er ei veke på leir. For konfirmantar som av ulike grunnar ikkje får vore med på sommarleirane har vi eit felles pilegrimskonfirmantopplegg. På våren har vi konfirmanttreff i Seljord, med turneringar, konkurransar, aktivitetar og informasjon om Kirkens Nødhjelp og Fasteaksjonen. I leiarprogrammet er ungdomsleiarane med som leiarar på alle arrangementa for konfirmantane. I tillegg har vi egne samlingar, turar og leirar for leiarane gjennom året. Alle som vil vera leiarar på konfirmasjonsleirane om somrane følgjer vårt leiarprogram.

Kvifor?

Vi ønsker å gje ungdom gode opplevingar saman med andre, og å formidle at alle er ønska og elska, av Gud og i fellesskapet vårt. Det gjer vi ved å skape arenaer der ungdom kan vere saman og ha det gøy, og med stort rom for å dele tankar om Gud og tru. Vi ønsker å byggja store og robuste fellesskap, med Jesus som eit tydeleg

sentrum, der ungdommane både kan få oppleva å vere ein del av noko større, samtidig som det er eit trygt og godt miljø der alle blir sett og er velkomne.

Kven?

Ønsket og Elsket er eit arbeid for kyrkjelydane i Øvre Telemark prosti. Per i dag er kyrkjelydane i desse kommunane med i arbeidet: Nome, Sauherad, Notodden, Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Tokke, Vinje, Fyresdal, Nissedal og Bø. Prostirådet i Øvre Telemark er øvste organ. Ungdomsprest Petter Jakobsen er dagleg leiar og hovudansvarleg for arbeidet, saman med tilsette i kyrkjelydane.

For informasjon eller spørsmål om Ønsket og Elsket, kan ein ta kontakt med Petter på tlf.: 909 51 409 eller e-post: petter@seljordkyrkje.no

Konfirmantbiletet neste side:

Desse har følgd undervisninga dette året: Framme f.v. Thea Malene Skindalen Kåsin, Berthine Torsdalen, Thea Cecilie Neverdalen, Sunniva Grutle, Sigrid Seljås Lindheim, Martine Kristin Moen Karlsen og Torhild Strigen.

2. rekke f.v. sokneprest Møyfrid Lunde, Marianne Magnussen Kåsene, Hedda Tangerud Jønholt, Katrine Hesthagen Nordlien, Ida Strigen, Ingerid Vadder, Marcel Edward Maksymiak og trusopp-lærer Birgitte Nødland Danielsen
Bakre rekke f.v. Marlon Pollestad (Fredheim-konfirmant), Vetle Sollid, Inge Arve Lie, Bjørn Einar Arbøll Sundet, Daniel Andersen Pedersen og Tor Olav Lie Roe.

Stig Sollid Bakken var sjuk då biletet blei tatt.

Foto: Bø Fotosenter, fotograf Mæland



foto: Bo Fossemmer

Slektenes lovsong

Nytt songverk i Kviteseid og Seljord

«Slektenes lovsong» er eit nytt songverk som Olav Mosdøl i Kviteseid og Oddbjørn Aase i Seljord har arbeidd med det siste året. Då Seljord Songlag markerer sitt 30-årsjubileum i 2018, er koret involvert i den musikalske produksjonen. Songlaget vil halde 3 konsertar:

- Kviteseid kyrkje, søndag 23.september kl.19.00
- Granvin kulturhus i Seljord, fredag 19.oktober kl.19.00
- Valle kulturhus i Setesdal, laurdag 20.oktober kl.19.00

Prosjektet «Slektenes lovsong» har som mål å vise 'songen og musikk- en' som slektenes glede og ønskje om formidling av kunstnariske og åndelege verdiar. Olav har skrivne 16 tekster med variert innhald. Oddbjørn har forma musikken og arrangert 12 av tekstene for kor, to solistar og tre muskarar. Fire tekster vil bli framført ved resitasjon. Verket handlar om samspelet mellom natur og menneske, tradisjonar og verdiar. Dei tolv tekstene som det er sett musikk til, vekslar mellom kyrkjeleg og sakral stil, vise- og ballade-preg, rytmisk populærmusikk og gospel. Korinnsлага er ulike i format frå å capella med fire og to stemmer, firestemt kor med piano, samsong med alt- og barytonsolist. Det er skrivne arran-



Olav Mosdøl (t.v.) og Oddbjørn Aase.

gement for pianist, fløytist og kontrabass.

Olav Mosdøl og Oddbjørn Aase har mangårig erfaring bak seg når det gjeld tekst og musikk. Dei gler seg over samarbeidet og til framføringa med Seljord Songlag. Det er eit blanda kor som blei starta i 1988, og har 30 entusiastiske songarar som kjem frå Seljord og omeign. Sidan 1994 har koret hatt samarbeid med Skagerak Energi om ein årleg julekonsert.

Solistar og muskarar vil bli: Anne Gravir Klykken (alt), Peder Arnt Kløvrud (baryton), Øyvind Bangor (piano), Ingri Elise Engeland (fløyte) og Jon Rørmark (kontrabass).

Frå kyrkjeverja

Nettsida og Facebook

Desse digitale plattforma brukast litt forskjellig og utfyller kvarandre. Du finn oss på www.kviteseid.sokn.no og på FB under **Den norske kyrkja i Kviteseid** eller **@kyrkjetrappa** På nettsida finn du nyheiter og mykje nyttig informasjon. Noko av det du finn:

I venstre marg: 'Alt' om dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, Kalender med oversikt over gudstenestene resten av året.

I høgre marg: Kyrkjebladet, kontaktinfo og dagens Bibelord.

I toppmenyen:

Medlemskap

-sjølvbeteningsløysing for ditt medlemskap i Den norske kyrkja

Trusopplæring – mange tilbod for forskjellige alderstrinn

Soknerådet – Diakoni, kyrkjelydsutval, Referat frå soknerådet og årsmeldingar, kven som sit i soknerådet og forskjellige retningsliner og dokument.

Kyrkjene våre – viser bilete og tekst frå kyrkjebyggdatabasen.

Nettsida kjem snart i betre utgåve for mobiltelefon og nettbrett. På Facebook-sida legg vi kvar torsdag ut annonsering av søndagens gudsteneste, og frå tid til anna andre innlegg og arrangement. Lik oss gjerne, så blir du oppdatert.



Vrådal gamle kyrkjegard

Skuleborn frå Straumsnes var der i mai og kutta renningar både innanfor og utanfor murane. Takk! Kyrkjelydsutvalet i Vrådal vil for framtida organisere årleg dugnad på denne gamle kyrkjestaden, med god hjelp frå andre som mellom anna skuleborna.

Plassen er verneverdig og automatisk freda etter Kulturminelova. Mykje interessant historie er knytt til kyrkjegarden og ikkje minst kyrkjene som stod der frå mellomalderen og framover. Soknerådet var i april på synfaring og fekk ei kort innføring i historia ved Leif Roholdt. Den siste kyrkja som stod der vart rive for 130 år sidan då den nye vart bygd. Gamle materialar og gjenstandar frå denne kyrkja har vore rundt på fleire gardar i Vrådal. Dei vert no samla på eit rom på låven på skulen og kan bli ei interessant utstilling. Takk til dei som står for dette.

(fortset side 15)



Kviteseid: Torhild Strigen.
Ida Strigen.

Kviteseid: Astrid Brekke.
Else Margrethe Lid.
Anne Marit Larsen.

Brunkeberg: Thea Plate
Hovdekleiv.

Vrådal: Gunleiv Haugen.

Meir himmel på jorda

Kveldsmesser i Kviteseid gamle kyrkje

Torsdagar i juli er det kveldsmesse i Kviteseid gamle kyrkje kl. 19.30. Dag Harald Undheim, sokneprest i Seljord forrettar ved desse messene i år.

Torsdag 5. juli – Torsdag 12. juli –
Torsdag 19. juli og Torsdag 26. juli.

Merk endring av tidspunkt for gudstenestene. Ein del gudstenester i sommarhalvåret er sett til kl. 18 då prestane i Kviteseid og Seljord vikarierer for kvarandre i ferieavviklinga.



Oppslagstavla

Ønskjer du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Loppemarknad og auksjon

Vrårdal bedehus laurdag 14.7. kl.10.

Auksjon kl.12.

Andakt, Sal av kaffi, saft og vaflar.

NB Kontant sal.

Har du lopper å gje, ring

99516348. Vi kan evt. hente, men kan dessverre ikkje ta imot møblar o.a. større ting.

(fortset frå kyrkjeverja side 13)

Takk for dugnadshjelp

Takk til alle som deltok på dugnadane på kyrkjegardane tidleg i mai.

Dei er så mykje triveligare å besøke når dei er ryddige og velstelte.

Takk for gåver

Over 30.000 kroner er så langt i år blitt gjeve på giro i Kyrkjebladet og på Vipps. Støtta til bladet gjer at det kan komme ut fire gonger i året utan å tære økonomisk på andre sider av kyrkja sitt arbeid. Tilskot og ofringar til kyrkjelydsarbeidet kan då brukast til andre oppgåver.

Arbeid med vindaugsglas

To av dei mange fine blyglasvindaugene i Kviteseid kyrkje er no totalrenoverte og sette på plass igjen. Blyet var i løpet av dei 100 åra som er gått sidan dei var nye, blitt svekka og dårleg. No er alt blyet i desse to vindauga bytta ut. Neste trinn, er å setje verneglas på utsida. Det arbeidet vert snart fullført og gjev vern mot regn og vind og andre ytre påverknadar. Takk til lokale bedrifter i Kviteseid for godt arbeid med desse prosjekta.



Her er ein ungdomsgjeng som er samla på kyrkjebakken til leik og moro 17. mai, og har hug til å koma i kyrkjebladet. (Foto: Olav Fjalestad)

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

JUNI

Sun 17. 4. søndag i treeiningstida,
Matt 16, 24-27

Kviteseid gamle kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Dåp. Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun. 24. Inga gudsteneste

JULI

Sun 1. Aposteldagen, Matt 16, 13-20

Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Dag Harald Undheim. Nattverd. Ofr. KRIK

Tor 5. Kveldsmesse

Kviteseid gamle kl. 19.30. Dag Harald Undheim.

Sun 8. 7. søndag i treeiningstida,
Luk 19, 1-10

Brunkeberg kl. 18. Gudsteneste. Dag Harald Undheim. Nattverd. Ofr. Dei fire diakoniinstitusjonane.

Tor 12. Kveldsmesse

Kviteseid gamle kl. 19.30. Dag Harald Undheim.

Sun 15. 8. søndag i treeiningstida,
Mark 12, 37b-44

Kviteseid kl. 18. Gudsteneste. Dag Harald Undheim. Nattverd. Ofr. Kvitsund Gymnas.

Tor 19. Kveldsmesse

Kviteseid gamle kl. 19.30. Dag Harald Undheim.

Sun 22. Inga gudsteneste

Tor 26. Kveldsmesse

Kviteseid gamle kl. 19.30. Dag Harald Undheim.

Sun 29. Olsok, Matt 18, 21-35

Vrådal kl. 18. Gudsteneste. Dag Harald Undheim. Nattverd. Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

AUGUST

Sun 5. 11. søndag i treeiningstida,
Mark 2, 23-28

Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Sun 12. 12. søndag i treeiningstida,
Luk 8, 1-3

Kilen kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun 19. 13. søndag i treeiningstida,
Luk 12, 41-48

Åsgrend kl. 11. Friluftsgudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun 26. Vingardssundagen, Luk 17, 7-10

Kviteseid gamle kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Ofr. Kyrkjelydsarbeidet.

SEPTEMBER

Sun 2. 15. søndag i treeiningstida,
Luk 10, 38-42

Kviteseid kl. 18. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Presentasjon av konfirmantar. Nattverd. Ofr. Det Norske Bibelselskap.

Sun 9. 16. søndag i treeiningstida,
Matt 5, 10-12

Vrådal kl. 11. Familiegudsteneste med hausttakkefest. Møyfrid Lunde. Utdeling av 4-årsbok, presentasjon av konfirmantar. Ofr. Søndagsskolen Telemark krets.

Sun 16. Inga gudsteneste

Sun 23. 18. søndag i treeiningstida,
Matt 8, 5-13

Brunkeberg kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Presentasjon av konfirmantar. Nattverd. Ofr. Kristent interkulturelt arbeid.

Sun 30. 19. søndag i treeiningstida,
Joh 7, 14-17

Fjågesund kl. 11. Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Ofr. Kvitsundrussens prosjekt.

OKTOBER

Sun. 7. 20. søndag i treeiningstida,
Mark 10, 2-9

Kviteseid kl. 11. Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd. Ofr. Familie og medier.

Sun 14. Inga gudsteneste